

---

**Saksnr:** 2020/44935-3  
**Saksbehandlar:** Hallgeir Skøien Varsi  
**Dato:** 12.01.2021
 

---



---

**Til:** Sekretariatet for kontrollutvalet
 

---

**Frå:** Fylkesrådmannen
 

---

## Handlingsplan etter selskapskontroll av Bybanen AS

I sak 97/2020 i kontrollutvalet, vart det vedteke oppfylgjingspunkt etter selskapskontrollen i Bybanen AS. Her fylgjer status for oppfylgjingspunktka som avdeling for mobilitet og kollektivtransport har ansvar for.

Avtaleverket er i stor grad gjort ferdig, og eigarstrategien og det formelle rundt eigarstyring er på plass. Det vil vere eit kontinuerleg arbeid å vidareutvikla ein inntektsmodell som i større grad støttar intensjonane i Karabin-rapporten. I tillegg står det att å få på plass ein avtale mellom BBAS og Skyss. VLFK sin rolle i dette arbeidet er å fasilitera prosessen og gje nødvendige avklaringar slik at partane skal kunne utforme avtalen seg i mellom.

Tilråding	Tiltak	Ansvarleg	Status
1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS	Avklare ansvarsdeling mellom den sentrale eigarskapsforvaltninga og avdeling for mobilitet og kollektiv som fagavdeling	Avdelingsleiar i avdeling for mobilitet og kollektiv	Utført
	Utarbeide den faglege delen av eigarskapsstrategien	Avdelingsleiar i avdeling for mobilitet og kollektiv	Utført
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS	Gjennomføre møter med Bybanen AS og Skyss i samband med budsjettprosessen hausten 2019 for forankring av modell for budsjett for 2020.	Tidlegare Samferdsleavdeling a i HFK, i samarbeid med Skyss og Bybanen AS	Utført
	Endeleg avklaring i samarbeid med administrasjonen i VLFK i samband med etablering av eigarstyringsmodell	Seksjonsleiar for Strategi og eigarstyring i samarbeid med Bybanen AS	Utført
	Dokumentere rutinar i samband med etablering av nytt kvalitetsstyringssystem	Seksjonsleiar for strategi og eigarstyring	Endring: utgår som eige punkt, ivareta kast gjennom punkt 5.
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort	Gjerast i samband med eigarskapsmeldinga	Avdeling for organisasjon og økonomi	Utført

4. Sikre at grunngeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort	Gjerast i samband med eigarskapsmeldinga	Avdeling for organisasjon og økonomi	Utført
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell	Inngå leveranse- og samhandlingsavtale mellom VLFK og kollektiveininga	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med kollektiveininga	Utført
	Inngå leveranse- og samhandlingsavtale mellom VLFK og Bybanen AS	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med Bybanen AS	Forslag utarbeida
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane	Følgje opp at avtale mellom kollektiveininga og Bybanen AS blir utarbeida	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med kollektiveininga og Bybanen AS	Ikkje ferdigstilt, følgjer av punkt 5
	Følgje opp at avtale mellom Bybanen AS og Bybanen utbygging blir utarbeida	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med Bybanen AS og Bybanen utbygging	Utført
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.	Utarbeide handlingsplan	Avdelingsleiar i avdeling for mobilitet og kollektiv	Utført (dette dokumentet)